



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 22.05.2017  
Vår ref.: 2017/857-33  
Saksbehandlar: tonhaug  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Prosjekttilskot - Større kulturprosjekt - Underretting om tildeling

Vi viser til søknaden dykkar om tilskot til Prosjekttilskot - Større kulturprosjekt 2017.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 16.05.2017, politisk sak 79/17, vedteke å tildele dykk «TS\_INNVILGET» kr i tilskot.

### Grunngjeving:

Ved søknadsfristen «TS\_FRIST» var det kome inn 30 søknader. Samla søkesum var om lag 3,4 millionar kroner. Det er totalt «TS\_RAMME» kr til fordeling under Prosjekttilskot - Større kulturprosjekt 2017. Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteke.

Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningslinjer.

For oversikt over tildeling og individuelle grunngjevingar, sjå politisk sak:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=666>

### Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. Dokumentasjon av dette skal leggst ved rapport.
- Om ein har opne, publikumsretta arrangement er det ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal då ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- For fagleg oppfølging og vurdering må dei som søker om tilskot til arrangement på førespurnad kunne gje akkreditering til inntil 2 representantar frå Kultur- og idrettsavdelinga.
- Dei som får tilskot til publikasjonar må levere minimum 1 eks av denne til Hordaland fylkeskommune når denne er ferdigstilt.
- Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning. Dersom prosjektet vert avlyst, utsett eller vesentleg endra, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.

### **Utbetaling**

Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak gjennom elektronisk faktura i EHF – format.

Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**  
Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2017/857

Ressursnummer: 10608

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og handsama EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer. Dette må skje seinast 01.10.2017. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt, og eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Det er også høve til å få tilskotet utbetalt på anna måte. De må då sende ein e-post der de ber om dette, med ei kort stadfesting på at prosjektet går som skissert i søknaden, og at de aksepterer tilskotet med dei føringane som ligg i tilsegnsbrevet. Dette sendast [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) og merkast med **saksnummer 2017/857**.

### **Rapportering/rekneskap**

Rapporten skal sendast til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) og merkast med **saksnummer 2017/857**.

Rapporten skal gje ein kortfatta skildring av:

- Når og kor tiltaket vart gjennomført og korleis dette vart gjort.
- Eventuelle avvik frå vilkåra med nærare grunngjeving.
- Eventuelle avvik frå søknadsgrunnlag (planar/budsjett) med grunngjeving
- Dersom rapport/rekneskap i samsvar med krava ikkje vert levert innan fristen vil det vere eit brot på vilkåra for tildelinga. At krava til rapportering og rekneskap er oppfylt vil også vere vesentleg med omsyn til vurderinga av eventuelle seinare søknader.

**Det er viktig å merka rapporten med saksnummer 2017/857.**

### **Klage/partsinnsyn**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no) merka «*Klage i sak 2017/857*». Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar  
Seniorrådgjevar

Sakshandsamarar: Tone Stedal Haugland, Marianne Ose Askvik

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*